



FYLKESMANNEN I ROGALAND
Landbruksavdelinga

Vår ref.: 2003/18773
Arkivnr.: 532.0

Dykkar ref: 200303016-/sje
Vår dato : 03.12.2003

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

2003 030/6 8

ASR/BS/SJE 486.6

Høring om forskrift om skogavgift for 2004


Vi syner til brev frå departementet dagsett 31.10.2003.12.03

Det er positivt at plikta til å svara skogavgift på virke til energiformål står ved lag. Dette er sortiement som vil få stadig større omfang. Vi har elles ingen kommentar til fastsett nedre grense for innbetaling av skogavgift.

Fylkesmannen meiner vel elles at det ikkje burde vera grunnlag for å misforstå § 2 i forskrifta. "Bruttoverdiregning" var vel i denne samanheng tenkt i tydinga oppgjer for virke. Etter kvart som omsetningsformene og sortimenta blir fleire, er det ei utfordring å bestemma kva verdi skogavgifta skal reknast av. Skogsvirke blir i dag omsett på svært mange og ulike måtar og med svært ulik foredlingsgrad. Det er t.d. eit stort sprang mellom leveranse av tømmer i heile lengder og ved til brensel levert i sekker. Liknande sprang har vi også for pyntegrønt. I mange av desse tilfella er det ikkje slik som departementet skriv at kjøpar og seljar har gjort seg opp ei meining om bruttopris på virket. Både produksjonsform og omsetningsform er slik at dette i fleire tilfelle ikkje er naturleg.

Med helsing


Lars Slåttå
fylkesskogsjef


Stein Bomo
fylkesskogmeister

Saksbehandlar: Lars Slåttå
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 70
E-post: lars.slatta@fm-ro.stat.no

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fm-ro.stat.no	Langflåtn. 29	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 210 Sentrum	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568941